# Meland kommune

Alfred og Bjørg Iden
Ievegen 133
5917 ROSSLAND

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 13.08.2015 |
| Dykkar: | Anne-Lise Næs Olsen | |
| Vår: 15/1859 - 15/15254 | anne.lise.olsen@meland.kommune.no | |

## Oppsummering etter formøte - eventuell oppatt start av planarbeid - IDEN Marina

Det vart 13.8.15 halde møte på vårt kontor for å drøfte eventuell oppatt start av planarbeid med detaljregulering for IDEN Marina.

**Desse møtte:**
**Frå kunden:** Alfred og Bjørg Iden
**Frå kommunen:** Anny Bastesen, Kristin Nåmdal og Anne-Lise Olsen

**Oppsummering etter møtet:**
Me drøft prosessen som hadde vore kring arbeidet med den nye kommuneplanen som vart vedteken 17.06.2015.

Kunden ønska tilbakemelding på kva ein kunne forvente å få til gjennom ein eventuell reguleringsplan, og om ein kunne forvente å få utvide planområdet utover det som er opna for i den nye kommuneplanen.
Administrasjonen orienterte om at det er Kommunestyret som vedtek reguleringsplanar, at administrasjonen held seg nøytral gjennom planprosessen, og at det er sjølve planprosessen som gjev svar på korleis planen vil verte. Merknadar som kjem inn må vurderast i prosessen, og ein kan ikkje gje tilbakemelding om utfallet så tidleg under planarbeidet.

Kunden ville etter dette vurdere å starte oppatt arbeidet med detaljplan for IDEN Marina, ta kontakt med tidlegare konsulent, eller eventuelt velje seg ein ny fagkyndig, og deretter ta kontakt med kommunen på ny.

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Anny Bastesen
Kristin Nåmdal

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alfred og Bjørg Iden | Ievegen 133 | 5917 | ROSSLAND |